

Vedlegg 1 – Innspel frå Institutt for økonomisk- administrative fag, HiB

Behandla i Instituttmøte 30.11 og interne prosessar.

Kap 2

Særtrekk og mål ved HVL

Organisering og faglig leiing skal sikre iverksetjing av fusjonen på en slik måte at HVL på beste måte kan oppfylle sine komplekse mål og samfunnsoppdrag. Organisering er middel som skal sikre måloppnåing.

Et eige utval er sett ned for å komme med framlegg til profil, strategi og mål for HVL. Våre kommenterer blir difor førebelse til vi og har profildokumentet i ferdig form.

Vi ser at utvalet vel å gje eit framlegg til faglege mål for HVL (s.12) henta frå ein del av fusjonsplattforma. Vi vel å starte med å kommentere desse fordi dei aleine utan andre presiseringar i fusjonsprogrammet gjer for liten retning for organisasjonsarbeidet. Vi meiner HVL i sitt målprogram og må løfte fram:

- A) HVL skal vidareføre sitt sterke undervisningstilbod med profesjons- og arbeidslivsprofil på bachelor nivå. Desse utdanningstilboda er HVL sitt viktigaste bidrag til utvikling av samfunns-, arbeids- og næringsliv på Vestlandet.
- B) På utvalde fagområde skal HVL tilby master- og PhD-utdanning på høgt fagleg nivå.
- C) HVL skal være Vestlandet sin viktigaste utdanningsinstitusjon for økonomisk-, sosial- og miljømessig bærekraft med vekt på ansvarleg innovasjon, entreprenørskap, organisering og leiing.
- D) HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for å ha landets mest nøgde studentar som trivst og lukkast. HVL skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadane.
- E) For at HVL skal levere profesjonsutdanning på høgt nivå og samstundes som HVL skal få universitetsstatus må HVL vokse både i bredde og i spiss.

Konklusjon: a) Organisasjon er middel for å nå mål. Delprosjekt Leiing og fagleg organisering må ta omsyn til profil, strategi og mål som HVL styret legg til grunn. b) Profesjons- og arbeidslivsprofilen kjem for svakt fram i dokumentet

Dilemma og dimensjonar

Kapittel 2.3 viser til viktige dimensjonar og dilemma henta frå diskusjonar ved NTNU. Under overskrifta integrasjon versus autonomi noteter vi at NTNU legg lite vekt på å drøfte om fusjon skal bli iverksett som sentralisering eller som desentralisering med vekt på tillit til fagmiljø og høgt kvalifiserte fagfolk i organisasjonen sine grunneiningar. Kompetansenivået ved HVL har aldri vore betre enn i dag – korleis kan vi sikre at organisering støtter opp om og verdset profesjonalisering og motverkar deprofesjonalisering og lærarar som vert funksjonærar utan tillit til å utøve fagleg skjønn.

Frå NTNU si liste etterlyser vi og dilemma for organisering som drøfter dei ulike premissa mellom eksisterande kapasitet:

-Mellom kapasitet for utdanning, forskning og formidling bygget solid over mange år på den eine sida og på den andre side organisering for å oppfylle kapasitetssvake mål i fusjonsplattforma og nyare utfordringar frå samfunns- arbeids- og næringsliv på Vestlandet. Vi tolkar utvalet slik at delprosjekt leiing har dette lagt inn under drøfting av dimensjonen «kunnskapsområdeprinsippet», med dei ulike sett av premissar: a) Fortid med eksisterande kapasitet og prioritering. b) Nåtid med vedteken fusjonsplattform og c) Framtid for å møte utfordringar definert av samfunns- arbeids- og næringsliv utanfor HVL.

Det heiter i utkastet at det kan vere vesentleg at einingar på same nivå er relativt likt organisert og at dei ikkje er for ulike med omsyn til storleik. Vi trur dette argumentet er svakt. Er ikkje målet her å komme fram til ei organisering som er mest mulig tenleg for HVL og som leder til at organisasjonen er best mulig i stand til å nå måla sine? Studium, fag- og forskingsområde har forskjellig storleik, og kunstig gruppering av miljø kan føre til dårlig miljø og interne kampar som ingen er tent med.

Vi treng ikkje sjå lenger enn til UiB der dei små fakulteta for Jus og Psykologi lever i samkvem med større einingar som Mat.Nat og Med.Odont.

Konklusjon: a) Premissane for organisering bør bli betre utgreia. b) Argumenta for at fakulteta i HVL skal ha lik storleik er gitt for stor vekt. Alternative argument er for svakt drøfta.

Kap 3

Prinsipp for organisering på nivå 2

Instituttet meiner utvalet gjer ein god drøfting av de tre grunnprinsipp for fagleg organisering og støttar at profesjonsprinsippet og kunnskapsområdeprinsippet er dei som vært drøfta i større detalj.

I utgangspunktet ser vi at det er Profesjonsprinsippet er det som høver best i forhold til Fusjonsplattforma og ønsket om å profilere seg som ein profesjonshøgskule/profesjonsuniversitet.

Vi etterlyser to tema for drøfting:

- a) Utgreiing av organisasjonsmodeller som kan ivareta både profesjonsprinsippet og kunnskapsområdeprinsippet.

Utdanningane innan økonomi og leiing er satt saman av fleire disipliner til breie kunnskapsfelt. Vi har mykje undervisning inn mot dei andre profesjonsutdanningane og innan EVO. Kunnskapsfeltene er slik at dei er viktige inn i så å seie alle profesjonsutdanningane og mange forskingsprosjekt. Fleirfaglege prosjekt og utdanningar er noko som kjem meir og meir. Bindinga til eitt profesjons-fakultet vil lett lede til at dei andre fakulteta opprettar sine egne einingar som tek vare på desse fagområda. Vi meiner at det er betre å samla desse fagområda (til dømes organisasjon, leiing, innovasjon og entreprenørskap) i einingar som leverer til profesjonsutdanningane. Eit fjerde fakultet bør bli utgreidd som ein tverrgående struktur som viser at HVL legg vekt på tverrfagleg samarbeid med alle.

- b) Betre tematisering av korleis en fusjon kan sikre desentralisert organisering for å vise at HVL sin viktigaste kompetanse er plassert på nivå 3.

Fakultetsnamn

Det er og viktig for oss at våre utdanningar synes på organisasjonskartet. Viss HVL skal bli ein «stor, viktig og synleg» aktør på Vestlandet, kan ikkje HVL «gøyme bort» viktige utdanningar. Utdanningane i organisasjon og leiing er store og gode utdanningar som har forsynt nær-regionane med kompetent arbeidskraft i årevis og som har spesielt god kontakt med nærings-, samfunns- og arbeidsliv i desse regionane. Vi meiner difor at namnet til det 4. fakultetet bør vere «Fakultet for samfunnsfag, økonomi og leiing».

Konklusjon: a) Nyttan av desentralisering for leiing og fagleg organisering må få betre plass i vidare drøfting. b) Namnet på det fjerde fakultetet bør vere «Fakultet for samfunnsfag, økonomi og leiing».

Kap 4

Grunneiningane – organisering på nivå 3

Ideelt sett skulle utgreiing om organisering vert snudd om slik at nivå 3 vart drøfta først fordi nivå 3 er det viktigaste nivå for HVL si måloppnåing. Både leiing og administrative funksjoner skal stø opp om verksemda på nivå tre.

Sjølv om utgreiinga starter på topp er det likevel særst viktig at meir merksemd blir gitt til korleis nivå 3 kan få best mogelege rammar.

Instituttet er positiv til både institutt og «School»- organisering, som til dømes «School of Nursing», «School of Engineering». På eige fagfelt er vi i tvil om HVL skal vere den siste institusjonen i Norge som tar i bruk nemninga «Handelshøgskule». Særleg er dette problematisk i Bergen. Eit alternativet kan vere at våre fagfelt i HVL er først ute med «School of Responsible Business Administration» (SORBA). Dette kan bli en sterk merkevare som syner at HVL tar målet om bærekraft på alvor.

Det er viktig at vidare utgreiing drøfter mål for og organisering av senterstrukturen. Sentra har vist seg å vere ein god organisering for spissa forskning, men er i mange høve for fråkopla utdanningsmiljøa som i HVL har trong for organisering av kraftige kompetanseløft for FOU-baser undervisning. Ved AIØ/HiB har vi døme på at viktig PhD-bygging har skjedd tett kobla til institutt. Ei prioritert oppgåve for vidare utgreiing av organisering på nivå 3 er å finne formar for organisering og leiing av kompetanseheving, forskning og utdanning av forskarar i eller nær institutta.

For vidare drøfting av instituttstorleik bør omsynet til studentar, tilsette og leiing få større vekt. Ein leiar som skal ha personalansvar på nivå 3 bør ikkje ha meir enn 20-25 medarbeidarar. Det er mogeleg at «School of-« organisering for våre fag kan gje gode kompromiss med institutt som ikkje vært for store. Institutt campus Haugesund, Institutt campus Sogndal, Institutt campus Bergen som samla utgjer ein Skule. Dette vil og ivareta regionrolle som våre fagfelt har.

Fusjonsplattforma har eit prinsipp om «gjennomgåande studieprogram på tvers av campus». Dette kan ivaretakast på to måtar:

- a) Fagmiljø som gir same utdanning samlast i eit stort institutt som tener fleire nærregionar. Instituttleiar er da den som sit med ansvaret for ei slik koordinering.
- b) Fagmiljøa er fortsatt i små institutt, eitt i kvar nær-region. Ein fagleg tilsett studiekoordinator har ansvaret for samordninga av studia. Dette er tilsvarande det dei gjer på NHH og BI der dei har ingen fakultet, men fleire institutt som bidreg inn i same studium. (Dei kallar det dekan/Dean for bachelorutdanning, for masterutdanning og PhD).

Instituttet føretrekk alternativ b). Vi trur eit stort institutt som famnar alle tre studiestadane som gir bachelorgrad i økonomi og administrasjon vil bli stort og tungrodd. Vi må uansett ha et 4. nivå som held til regionalt og der personalansvaret ligg. Administrative oppgåver, som studierettleing, eksamen og administrativ støtte, må og ligge lokalt, så det er uklårt for oss kva rolla til instituttleiar vil vera i alternativ a) og trur det mest vil føre til ekstra administrasjon og mykje reising mellom dei 3 stadane.

Konklusjon: a) HVL vil være best tent med en kombinasjon av felles School for alle ØkAdm-utdanningane, gjerne med programansvarlege for ulike fag på tvers, men med tre likeverdige institutt på dei tre store campus.

Kap 5

Leiarstruktur

Instituttet meiner at ein no skal reindyrke prinsippet om einskapleg leiing og samstundes desentralisere HVL sin gode administrasjon slik at den gir størst mogeleg støtte til nivå 3. Berre funksjonar der omsynet til standardisering er meir tungtvegande enn omsynet til differensiering og fagleg spesialisering skal plasserast på nivå 2 og 1.

Organisasjonskartet for leiing på s. 36 og 38 syner ein faglig vekting ved titlane som er gitt prodekanane. Vi er kritiske til alle tre. Dei bør i større grad være knytt opp til HVL sitt samfunnsoppdrag slik den er formulert i lov om Universitet- og Høgskular (Sjekk tittel).

Prorektor 1 bør berre ha nemninga: Prorektor for utdanning. Stillinga kan gjerne ha særleg ansvar for IKT, men det er urimelig at dette er sidestilt med utdanning. Det same argument er gyldig for Prorektor 2: Prorektor for forskning. Prorektor 3 bør og ha nemninga formidling som er eit sentralt målområde for UHR-sektoren: Prorektor for formidling, organisering og nyskaping.

Konklusjon: a) Kritiske val mellom standardisering og differensiering må få betre plass i drøftinga. b) Titlane til Prorektor gir viktige signal om vekting og prioritering. Dei bør endrast.